

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[849] N-29570. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; 1994b: 90; NOR 1989: 7.)

Innskrifta står på ein trepinne, tilspissa i eine enden, firkanta i tverrsnittet med brotne hjørne. Gjenstanden er 110 mm lang og tverrsnittet er 7 x 9 mm . Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 8. Det vil seia ein arkeologisk kontekst som kan daterast til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet. Innskrifta vart ikkje oppdaga før i 1988 i samband med at lausfunnsmateriale vart bearbeidd i magasin. Det er runer på ei side av pinnen. Innskrifta er 20 mm lang og runene 6 mm høge.

R. 1 er binderune der kvisten frå eit stykke ovanom midten av staven og ned til venstre er utydeleg, men kan sjåast sikkert nok i stereolupe. Mellom staven og kvisten opp til høgre er det vidare tvillaust punktering. Runa må såleis lesast som binderune **ag**. R. 2 har kvist som kan synast å vera dregen ned til venstre og opp til høgre i to snitt. Det er i alle fall ikkje heilt jamn samanheng mellom dei to kvistdelene, og kvisten på høgre sida av staven og opp til toppnivået gjer ein tydeleg boge. Runa vil såleis kunna lesast som binderune **ak** og som **æ**. Berre den siste lese måten kan gi språkleg meining. Nedre del av bogen og toppen av kvisten rører så vidt ved staven på r. 5 og dannar såleis ein **r** med lukka boge.

𐌹 𐌿 𐌿 𐌿 𐌹

**ag æ t i r**

*Ágætir* 'Ypparlege; framifrå'

Språkleg sett gir innskrifta grei nok meining. Adjektivet *ágætr* i mask. pl. som vi i tilfelle må ha å gjera med her, vert likevel nokså innhaldstomt i ein isolert samanheng som denne. Om vi kunne vera visse på kva funksjon denne bearbeidde pinnen har hatt, ville det truleg vera råd å skjønna litt betre kva det er som har vore så 'framifrå'. Den arkeologiske konteksten gjenstanden vart funnen i, viser særleg markerte spor etter lærhandverk. Spor etter dette handverket hadde i perioden og på staden som her er aktuell "fått en eksplosjonsartet økning" (Nordeide 1989: 100). Det er difor tenkjeleg at

denne pinnen har hatt ein funksjon i samband med tilverking av skinn eller bearbeiding av lær. Innskrifta kunne såleis tenkjast å gi uttrykk for ei eller anna kvalitetssortering i ein slik handverksprosess. Men bindande prov i så måte kan gjenstanden knapt gi. Å søkja andre moglege kontekstar vil ikkje gi stort meir enn rein spekulasjon og skal såleis få liggja her. Den eigentlege meininga med denne innskrifta lyt dermed bli ståande nokså open.